

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Kontrollutvalet i Vik kommune

Møtebok

Møtedato: 16.02.22

Møtetid: Kl. 14.00 -15.00

Møtestad: Kommunehuset, møterom Vikjao

Saksnr.: 1/23 - 4/23

Følgjande medlem møtte	Parti
Ronny Holen	SP
Marta Finden Halset	AP
Bjarne Larsen	AP
Björg Hønsi Aafedt	SP
Ragnvald Grov Sørđal	H

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti

Andre møtedeltakarar	Rolle	
Stig Årdal	Forvaltningsrevisor	Sak 3

Ugilde	Sak	Følgjande varamedlem møtte

Møteleiar:	Ronny Holen
Frå sekretariatet møtte:	Kristine Lie, PwC
Frå revisjonen møtte:	Stig Årdal, Vestland Revisjon KO (sak 3)
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	
Merknader:	

Underskrifter:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

SAKLISTE

1/2023	Godkjenning av møtebok
2/2023	Drøftingssaker, skriv og meldingar
3/2023	Forvaltningsrevisjon Internkontroll og avvikshandtering
4/2023	Årsmelding 2022

Sak 1/2023 Godkjenning av møtebok

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	15.02.23	1/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Møteboka frå møtet 23.11.2022 vert godkjent.

15.02.2023 KONTROLLUTVALET

Sak 1/2023

Møteboka frå møtet 23.11.22 vert godkjent.

Samrøystes.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 2/2023 Drøftingssaker, skriv og meldingar

Sakshandsamar Kristine Lie	Møtedato 15.02.2023	Saknr 2/2023
--------------------------------------	-------------------------------	------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Orienteringar, skriv og meldingar vert tekne til vitande

VEDLEGG

Vedlegg nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	03.02.22	Vik kommune	Budsjett for kontrollutvalet 2022
2	23.11.2022	Kvalitetskontrollkomitéen	Forbudsbasert kvalitetskontroll utført 2022
3	23.01.2023	Vestland Revisjon KO	Vurdering av uavhengigheit Vik kommune 2023
4	18.11.2022	Vestland Revisjon KO	Møtbok representantskapsmøte Vestland Revisjon KO 18.11.2022
5	30.01.2023	Forum for kontroll og tilsyn	Fagkonferansen 2023, 31.mai - 1.juni
6	03.02.2023	Formannskapet	FS-sak 006/23 Forvaltningsrevisjon av innkjøp og anbudspraksis i Vik kommune
7	08.12.2022	Formannskapet	a) FS-sak 141/22 Fråsegn til inntekssystemutvalet sitt framlegg - Vik kommune - sakspapir b) NOU 2022:10 - Inntektssystemet til kommunene https://innsyn.onacos.no/vik/wfdocument.ashx?journalpostid=2022010617&dokid=254779&versjon=1&variant=A&

15.02.2023 KONTROLLUTVALET

Rådgjevar økonomi Nils Geir Myrkaskog orienterte om arbeidet med budsjett og økonomiplan i høve trekk i rammetilskot. I slutten av 2022 vedtok Stortinget at kommunar og fylkeskommunar med inntekter frå konsesjonskraft i område med høge straumprisar får eit eittårig trekk i rammetilskotet frå staten. Vik kommune hadde opphavleg budsjettert med eit

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

trekk i rammetilskot på MNOK 20, medan endeleg trekk vert om lag MNOK 50. Trekket vert dermed betydeleg større enn Vik kommune opphavleg hadde budsjettert med. Kommunen jobbar med ulike løysingar for korleis ein skal dekke inn dette trekket i høve budsjett for 2023 og vidare i økonomiplanperioden.

Sekretariatet gav ei kort orientering om framdrift knytt til forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2023 - "Rekruttering, kompetanse og ressursar". Prosjektplanen vil bli presentert av forvaltningsrevisor på kontrollutvalet sitt møte 2 i 2023.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Sak 2/23 VEDTAK

Drøftingssaker, skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Samrøystes.

Sak 3/2023 Forvaltningsrevisjon Internkontroll og avvikshandtering

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	15.02.2023	3/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Vestland Revisjon.

Hovudproblemstillingar og konklusjonar frå rapporten:

Har kommunen utarbeidd styringsdokument og rutinar for rapportering og handtering av avvik?

Vik kommune har utarbeidd rutine- og prosedyredokument for melding og oppfølging av avvik som er tilgjengeleggjort gjennom dokumentmodulen i Compilo. Det er revisjonen si oppfatning at prosedyredokumenta er vanskeleg tilgjengelege og at dei bør tydeleggjerast.

Vert rutinane etterlevd?

I det store og heile er det ikkje grunn til å meine at rutinane ikkje blir følgde i registreringsprosessen. Spørsmålet blir i kor stor utstrekning det elektronsike avvikssystemet blir brukt. Kommunens prosedyredokumentasjon pålegg alle tilsette å melde avvik i det elektronsike avvikssystemet. Det seier også at hovudføremålet med systemet er læring. Ut frå bruksmønsteret som denne rapporten dokumenterer, og gjennomført spørjeundersøking,

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

meiner revisjonen at det må stillast spørsmål til kor vidt rutinar om avvikshandtering i Vik kommune i stor nok grad blir følgde.

Har leiarar og tilsette tilstrekkeleg kunnskap om bruk av avvikssystemet, og om når, og kva type avvik, som skal meldast?

Vik kommune har gjennomført opplæringstiltak om korleis det elektroniske avvikssystemet fungerer, og har planar om nye rundar med opplæring. Rapporten viser også til aukande bruk av avvikssystemet frå 2018 i helse- og omsorg.

Her må vi også trekkje fram at spørjeundersøkingas utsegn om kor vidt ein er trygg på kva det skal meldast avvik på er det som resulterer i flest positive tilbakemeldingar, med 51 prosent. 30 Likevel svarar ei overvekt, 44 prosent, negativt på utsegna om kor vidt ein er trygg på korleis systemet fungerer. Her er 38 prosent positive.

Dette, og det varierende bruksmønsteret mellom sektorane og einingane, tilseier at det må stillast spørsmål til den samla kunnskapen om avvikssystemet i kommuneorganisasjonen. Ein del av tilbakemeldingane i fritekst gav også uttrykk for at dei ikkje brukar, eller ikkje kan noko, om systemet. Også på grunn av det oppfatta som dårleg tilrettelegging på arbeidsplassen, eller dårleg tid.

På grunnlag av den lave meldefrekvensen i delar av kommuneorganisasjonen stiller rapporten også spørsmål til einingsleiarars oppfølging av leiaravtalens krav om identifisering av avvik på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg.

Blir registrerte avvik følgt opp innan aktuelle tidsfristar?

Dei fleste avvik er lukka. Oversikta over lukkingstid viser likevel at ein del av dei går ut over fristen på 21 dagar før lukking

Vert informasjonen frå avvikssystemet brukt til læring både som enkeltavvik og som samla informasjon for organisasjonen?

Det er ikkje grunn til å problematisere kommunens informasjon om at avvik blir drøfta i leiarmøte og i AMU, og at det føregår ein læringseffekt gjennom dette. Denne rapporten tar likevel til orde for at det ligg eit betydeleg forbettringspotensiale i bruken av avvikssystemet med tanke på uttak av læringseffekt i kommuneorganisasjonen. I framhaldet av dette må det stillast spørsmål til kor vidt det elektroniske avvikssystemet pr. i dag tilfredsstillar føresetnadane om læring i organisasjonen som grunngeving for innføring av systemet.

Basert på konklusjonane syner revisjonen at Vik kommune har fleire område som bør betrast.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

- Revisjonen rår til at Vik kommune går igjennom og vurderer rutine/prosedyre- og informasjonsdokumentasjon for bruk av det elektroniske avvikssystemet. Dette med tanke på tilgjengelegheit, tilrettelegging og tydeleggjering av informasjonen.

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

- Vik kommune bør gjennomføre opplæringstiltak om det elektroniske avvikssystemet i heile kommuneorganisasjonen.
- Vik kommune bør vurdere å i sterkare grad hente inn informasjon frå tilsette/brukar om eventuelle tiltak for å forenkle og tilpasse systemet til den enkelte arbeidsplass. Dette for å få opp bruksomfanget, og med det å auke læringsutbyttet av det elektroniske avvikssystemet.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å forbetre internkontrollen og avvikshandteringa i Vik kommune.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport våren 2024.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	09.11.2022	Vestland Revisjon	Oversending Forvaltningsrevisjon Internkontroll og avvikshandtering
2	14.11.2022	Vestland Revisjon	Rapport - Forvaltningsrevisjon Internkontroll og avvikshandtering

15.02.2023 KONTROLLUTVALET

Revisor presenterte bakgrunn for revisjonen, moment knytt til gjennomføring og hovudfunn i rapporten.

Kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål, og drøfta rapporten.

Sak 3/2023 Vedtak

Kontrollutvalet viser til vedlagt forvaltningsrevisjonsrapport frå Vestland Revisjon.

Basert på konklusjonane syner revisjonen at Vik kommune har fleire område som må forbetrast.

Revisor kjem med følgjande tilrådingar til tiltak basert på det som kjem fram i forvaltningsrevisjonen:

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

- Revisjonen rår til at Vik kommune går igjennom og vurderer rutine/prosedyre- og informasjonsdokumentasjon for bruk av det elektroniske avvikssystemet. Dette med tanke på tilgjengelegheit, tilrettelegging og tydeleggjering av informasjonen.
- Vik kommune bør gjennomføre opplæringstiltak om det elektroniske avvikssystemet i heile kommuneorganisasjonen.
- Vik kommune bør vurdere å i sterkare grad hente inn informasjon frå tilsette/brukar om eventuelle tiltak for å forenkle og tilpasse systemet til den enkelte arbeidsplass. Dette for å få opp bruksomfanget, og med det å auke læringsutbyttet av det elektroniske avvikssystemet.

Kontrollutvalet vil tilrå at tilrådingane i rapporten vert følgt opp for å innkjøps- og anbudspraksis i Vik kommune.

Kontrollutvalet vil fylgje med på arbeidet og vil be om ein statusrapport våren 2024.

Rapporten og kontrollutvalet sitt vedtak vert oversendt til kommunestyret.

Samrøystes.

Sak 4/2023 Årsmelding 2022

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Kristine Lie	15.02.2023	4/2023

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

- Kontrollutvalet vedtek vedlagde årsmelding for 2022
- Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret til orientering.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	06.02.2023	Sekretariatet	Utkast til Årsmelding for kontrollutvalet 2022

15.02.2023 KONTROLLUTVALET

MØTEBOK KONTROLLUTVALET I VIK

Sak 4/23 VEDTAK:

Kontrollutvalet vedtek vedalgde årsmelding for 2022.

Årsmeldinga vert sendt kommunestyret til orientering.

Samrøystes.
